

INGEBORG KVAME

(PERTURBASJONAR)

avvik i ein planetbane på grunn av tiltrekking frå andre planetar.

L/R - Lukkeskåra/Rådlausjuvet – Suldal

05.06 -13.06/2013

Motsetningar og konsentrasjon er ein allegori som interesserer Ingeborg Kvame. I tidlegare verk har tankane blitt representert som forholdet mellom lys og mørke og som tilstand. Konsentrasjon kan definerast som å være så opptatt av noko, at andre faktorar sviner hen. Konsentrasjon er krefter som kontrollerer, ein held igjen. Ei isolert kraft som kviler før utbrot i spenninga om ei føreståande utløysning og oppbrot.

Kvame har valt å vera på ein fjellgard i Suldal over ein tidsbestemt periode for å produsera nye verk. I nærleik til naturen og eigne tankar er det ei introspektiv studie. Ein selektiv oppmerksomheit som uunngåeleg vil bli forstyrre. Det er lagt opp til både ytre og indre forstyrringar.. *smerten i eit handledd, fuktigheten i rommet, tankane som vender tilbake forskyvs eller flyttast på.*

Å brodere eit utbrot: Kan en introspektiv handling peke på samtidstendensar eller forblir den privat? Ein motstand mot multi tasking, autonomiteten i å ta den tida det tar uavhengig av samtidige krav. Å standhaftig isolere fokuset, sobert holde konsentrasjonen og insistere på at oppgåva man har satt seg skal fullendast.

Den engelske kunsthistorikaren Griselda Pollock har påpekt at tekstilkunst betraktas som ikkje-radikal i all sin ettergivande stofflighet: Kunst med nål og tråd betegnes per automatikk som handverk, ikkje stor kunst – sjølv om unntaka fins og vart nemnde. Kunstkritikar Susanne Christensen foreslår i denne samanheng eit nytt perspektiv; ein ullen og blaut avant-garde.. Ho nemner blant anna sprengkrafta i det mjuke, styrken i det ettergivande, ei kraft satt i spenning av motsetningar, ein potensiell representasjon av samtid.

Kvame presenterer utfallet av prosjektet (PERTURBASJONAR) ved L/R i Suldal 13.06.2013

Anne-Marte E. Rygh